



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Samferdselsdepartementet

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		46977/2016/113	Heidi Nerland, 71 25 86 77	23.06.2016

Nasjonal transportplan 2018-2029 - Høyringsuttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkestinget i Møre og Romsdal handsama høyringsuttale til Nasjonal Transportplan i møte den 14.juni og gjorde slikt vedtak:

1. «Hovudinnretning og økonomiske rammer

- 1.1 Møre og Romsdal fylkeskommune forventar som eit minimum at høg økonomisk ramme vert lagt til grunn for det vidare arbeid i melding til Stortinget og gir støtte til forslaget om etablering av eit nasjonalt program for vedlikehaldsetterslep.
- 1.2 Møre og Romsdal fylkeskommune meiner at ein ikkje kan rangere nye prosjekt i hovudsak ut frå transportøkonomisk lønsemd. I tillegg til netto nytte per budsjett kroner må verdiskaping vektleggast når prioriteringane skal gjerast. Det må utviklast metodar som fangar opp verknader utover transportmarknaden.
- 1.3 Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at det i større grad vert vurdert delfinansiering med bompengar på prosjekt – spesielt i trafikksterke/bynære område - for å sikre ein tidleg gjennomføring.

2. Prioriteringar riksveg:

- 2.1 Møre og Romsdal fylkeskommune føreset at bindingane frå NTP 2014 -2023 står fast og kjem tidleg i perioden. E39 Betna - Stormyra må startast opp så snart siste del av reguleringsarbeidet er klart.
- 2.2 Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at ambisjonen om utbetra og ferjefri E39 vert oppretthalde.

Store strekningsvise tiltak:

1. Bindingar

E 39 Betna – Stormyra
E 136 Stuguflåten – Rødstøl
E 39 Krabbefelt Ørskogfjellet
(Dei tre andre bindingane er enten i gang, eller er sikra frå 2018)

2. Rute 6D Ålesund-Dombås

E136- Samanhengande utbetring av strekninga Stuguflåten – Horgheimseidet og Veblungnes.

E136 gjennom Romsdalen er hovudtransportåra inn og ut av fylket mot Austlandet og er den mest trafikkerte aust – vest overgangen i landet, både i tal bilar og tal tunge køyretøy. Dette er ein sær sars viktig eksportveg. Strekninga er prega av bratt stigning, smal veg og fleire flaskehalsar. Delar av strekninga er særleg problematisk på vinterstid. Utbetring av E136Romsdalen vil auke både framkome og trafikkssikkeheit monaleg. Delar av strekninga, Stuguflåten – Rødstøl, ligg som binding frå NTP 2014-2017, og resterande strekning Flatmark-Monge-Marstein var også prioritert i gjeldande NTP.

Møre og Romsdal fylkeskommune legg difor til grunn at E136 Romsdalen vert prioritert i NTP 2018 - 2029, og at utbetring av heile strekninga E136 Stuguflåten – Hogheimseidet vert gjennomført som eit samanhengande prosjekt – tidleg i perioden. Delprosjektet Veblungsnes kan gjennomførast med delvis bompengefinansiering.

3. Ferjefri E 39:

Stortinget har i gjeldande NTP(2014-23) vedtatt målsetting om ferjefri E 39 på 20 år. Regjering og Storting må derfor sørge for at NTP 2018-2029 bidreg til å nå dette målet.

Det må sikrast planleggings- og utviklingsmidlar, og prosjekta må gjennomførast etter kvart som dei er planmessig og teknisk gjennomførbare. Møre og Romsdal fylkeskommune vil prioritere fjordkryssingane framfor firefelts motorveg mellom fjordane, særleg ut frå vurderingar knytt til framtidige ferjekostnader og at det er viktig med døgnopen riksveg.

3.1. Kryssing av E 39 Romsdalsfjorden(Møreaksen). Med ferdig reguleringsplan og kjent teknologi er denne fjordkryssinga klar og vi forventar oppstart først i NTP-perioden(2018-2020). Prosjektet vil vere viktig både for godstransport og persontransport og vil gje tydelige positive samfunnseffektar knytt både til bu- og arbeidsmarknad, samfunnsstruktur, endringar i transport-mønster og effektar for verdiskaping og næringsliv.**Med dette som utgangspunkt er Møreaksen Møre og Romsdal fylkeskommune sin klare 1.prioritet.**

3.2. Kryssing av E39 Halsafjorden og Hafast(Sulafjorden og Vartdalsfjorden).

Kryssinga av Sulafjorden og Vartdalsfjorden(Hafast) vil binde Søre Sunnmøre til Ålesundsregionen. Prosjektet vil ha stor nytteverdi i å knytte saman ein stor bu- og arbeidsmarknad. Halsafjordsambandet er viktig for interregional transport mellom Møre og Romsdal og Trøndelag, og også for å binde saman bu- og arbeidsmarknader på Nordmøre.

Møre og Romsdal fylkeskommune føreset at det vert satt av tilstrekkelig midlar for å sikre framdrift i planarbeidet og teknologiutviklinga for desse prosjekta, og at dei vert starta opp så snart dei er planmessig og teknisk klare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at kryssinga av Halsafjorden vert vurdert som pilot for ny teknologi.

4. Ålesund, Molde og Kristiansund.

Møre og Romsdal fylkeskommune føreset at riksveginvesteringar som kan gje grunnlag for bypakkar i Ålesund, Molde og Kristiansund vert sikra gjennom NTP 2018 – 2029.

Prosjekta kan vurderast for delvis bompengefinansiering.

Ålesund:

- Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at E136 Lerstad – Breivika vert prioritert i NTP 2018 - 2029. For å oppretthalde framdriftsplanen ber vi om at midlane blir gjort tilgjengeleg i den første fireårsperioden (2018 - 2021).
- Møre og Romsdal fylkeskommune peikar vidare på viktigheita av at E 39 Vegsund – Breivika m/Blindheimstunnelen vert prioritert med midlar i planperioden, med delvis bompengefinansiering som vist i plandokumentet.
- Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Ålesundsregionen får ta del i ordninga med bymiljøavtaler. Alternativt at Ålesund får ta del i ei revitalisering av beløningsordninga.

Molde:

- Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at E39 Bolsønes – Årø vert prioritert i NTP 2018 - 2029.
- Vidare gjer MRFK merksam på at E39 Hjelset – Lønset var eit prioritert prosjekt i NTP 2014 – 2023. Dagens trasé er både trafikkfarleg og overbelasta delar av døgnet. Vegen er smal, har total 90 avkjørslar og vegskuldra vil mange stader ikkje tåle belastninga av tunge køyretøy som må sleppe forbi uttrykkingskøyretøy. Bygging av nytt fellessjukehus på Hjelset vil generere stor trafikkvekst som dagens veg ikkje kan ta unna. **Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at strekninga E39 Lønset – Hjelset igjen blir prioritert i NTP 2018 – 2029.**

Kristiansund:

- Kristiansund har ingen rangerte prosjekter i plangrunnlaget, dette til tross for at det er politiske vedtak om bypakke Kristiansund i bystyret, der ei rekke prosjekt ligg inne.
Møre og Romsdal fylkeskommune forventar at den ferdig planlagde og godkjende strekninga Rv.70 Røsslyngveien – Atlanten blir tatt inn i NTP som grunnlag for bypakke Kristiansund, dette i tillegg til noen mindre flaskehalsar på strekninga Rensvik – Kristiansund sentrum.
- Utfordringane er store, og i samband med vedtaket om eitt felles sjukehus for Nordmøre og Romsdal på Hjelset utanfor Molde, er det avgjerande at utbygginga av heile innfartsvegen med sambruksfelt, gang- og sykkelveg blir realisert. 21 000 av Kristiansund sine 24 000 innbyggjarar bur i tettstad, som nær alle ligg på strekninga for innfartsvegen, og ein stor del av dei i sentrum. Ut frå sårbarheit og risikovurdering må heile innfartsvegen til Kristiansund prioriterast, da dagens veg ikkje kan ta unna den forventa trafikkveksten. Tunnel gjennom Nordlandet (Kråkhaugen) er eit særskilt viktig prosjekt i denne samanheng.
Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at prosjektet Tunnel gjennom Nordlandet(Kråkhaugen) blir prioritert i NTP 2018 – 2029.

5. E39 Volda – Furene.

Prosjektet er med i rangering ut i frå samfunnsøkonomi i plangrunnlaget og kommunane har signalisert at dei er positive til delvis bompengefinansiering av prosjektet.

Dagens veg gjennom sentrum av Volda er ueigna som riksveg pga. smal veg, krappe kurver og tettbygd område. Trafikken er tett sett opp mot vegstandarden. Dette medfører redusert framkomst, noko som er særleg problematisk for tunge køyretøy som må gjennom sentrum og kollektivtrafikken. I sentrum medfører trafikken miljøulempar både for dei som bur langs vegen, og for dei som går og sykklar.

Voldatunnelen er første delprosjekt i samferdselspakke Volda-Ørsta, der kryssing av Ørstafjorden kan vere eit seinare delprosjekt.

Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at E39 Volda – Furene vert prioritert i NTP 2018- 2029.

6. Rv 15 Strynefjellet.

Utbetring av Rv 15 Strynefjellet - med tilknytning til Geiranger - vil lette trykket på trafikkbelasta strekningar som E39 Ålesundsområdet og E136 Romsdalen. Utbetring av

Strynefjellet vil i tillegg avlaste to ferjesamband, styrke konkurransekrafta til eksportindustrien på Søre Sunnmøre og sørge for betre utnytting av potensialet til Kvivsvegen og Eiksundsambandet.

Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at utbetring av Rv. 15 Strynefjellet bør prioriterast i NTP 2018-2029.

7. Rv 70 Meisingset – Ålvundfoss.

Etter at strekninga Tingvoll-Meisingset ferdigstilles først i perioden, legger Møre og Romsdal fylkeskommune til grunn at parsellen Meisingset – Ålvundfoss vert prioritert i NTP 2018-2029.

3. Fylkeskommunen sine rammevilkår – Fylkesvegar, fv-ferjer, kollektivtrafikk m.v.

1. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar transportetatane sitt forslag om eit eige program for fornying av fylkesvegar og foreslår et tiårig program med årlege løyvingar som sikrar at vedlikehaldsetterslepet på fylkesvegnettet, inkludert ferjekaier, bruer og tunnelar, vert bygd ned i same takt som riksvegnettet.
2. NTP må bidra til å redusere forskjellane i rammevilkåra mellom drift av riksveg og fylkesveg slik at vi ikkje får A- og B-vegar.
3. Den samla potten til skredsikring må aukast utover dagens nivå. Rassikringspotten må aukast til eit nivå som gjer at målsettinga om at det offentlege vegnettet skal vera rassikra innan 2030 kan nås. Fylkesvegane er mest på etterskott når det gjeld rassikring, og bør ha meir enn 50% av potten.
4. NTP må bidra til å auke nivået på overføringane til ferjedrift og få på plass ein betre fordelingsnøkkel. Møre og Romsdal fylkeskommune krev at fordelinga mellom fylka vert gjort ut i frå ein nasjonal ferjestandard basert på objektive kriterier som tek omsyn til årsdøgntrafikk, tungbilandel og sesongvariasjonar.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget om at nullvekstmålet utvidast til å omfatte byar som er aktuell for bypakke. Ein føresetnad må likevel vere at dei finansielle verkemidla vert styrka tilsvarande. Dette inneber at NTP må sikre finansiering av investering driftsmidlar til auka kapasitet i kollektivtilbodet. Vi ber om at det kjem på plass ordning med øyremerka midlar til kollektivdrift også utanfor dei ni største byområda.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner NTP bør gi svar på metodar og verkemiddel som også kan vere treffsikre og effektiv for å møte behova i kollektivtrafikken også i mindre byar og distrikta. I tillegg bør staten lede an i arbeidet med å auke bruk av sykkel og gange, samt sette inn tiltak for å redusere bilbruken. Det er behov for eit samanhengande transportsystem som reduserer avstandsulempar mellom bygd og by. Innfartsparkering i tilknytning til ekspressbusstopp er eit viktig tiltak her.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar målsettingane om meir miljøvennlege løysingar i kollektivdrifta, men vi stiller spørsmål om korleis dette skal finansierast. Med allereie store underskot i ferjedrifta og den øvrige kollektivtrafikken, ser vi det som særskilt vanskeleg å ta kostnaden omlegging til ny teknologi medfører. Møre og Romsdal fylkeskommune etterlyser korleis Stortingets vedtak om utsleppsfri kollektivtrafikk skal realiserast og finansierast, og ber om at dei statlege støtteordningane til utslippsreducerande tiltak vert styrka.
8. Heller enn omfattande tilbakeføring av vegar til staten, bør fylkeskommunane få tildelt midlar som gjer dei i stand til å følgje opp fylkesvegane og utøve rolla som regional utviklingsaktør på ein god måte.
For overføring av vegar viser vi til vedtak U-141/15 som er sendt over tidlegare der Fv 60, 61, 64 og 65 er foreslått omklassifisert til riksveg.

4. Andre prioriteringar.

1. NTP bør bidra til å initiere eit nødvendig teknologiskifte innanfor sjøtransport, med særleg vekt på hurtigbåtar og ferjer. Dette vil både støtte ein norsk skipsindustri i motbakke og posisjonere norsk skipsindustri og norsk klimateknologi til viktige bidrag for å redusere klimagassutsleppa frå internasjonal skipsfart.
2. På bakgrunn av den sterke trafikkauken på riksvegane(E 39), krev Møre og Romsdal fylkeskommune at det tidleg i perioden vert bevilga midler til 20 minutt frekvens på ferjestrekninga Molde – Vestnes. Målsettinga bør vere 15 minutt frekvens på riksvegferjestrekningane i løpet av NTP-perioden.
3. Møre og Romsdal fylkeskommune støttar forslaget frå transportetatane om å opprette ei ny tilskotsordning for utvikling av effektive og miljømessige gode hamner.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune er positiv til at Stad skipstunnel i med i rangeringa i plangrunnlaget. Realisering av skipstunnelen vil bidrag til betre sikkerheit og framkomme på ein av dei mest vêrharde delane av den norske skipsleia.
5. Møre og Romsdal fylkeskommune legg til grunn at Gjøvsund fiskerihamn igjen vert prioritert i NTP.
6. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner utvikling av Dovrebanen og Raumabana er viktig for å sikre effektiv person- og godstransport. For å redusere kjøretida mellom Oslo og Trondheim og Åndalsnes, er dobbeltspor Oslo-Lillehammer viktig. Fleire og lengre kryssingsspor, betre vedlikehald og betre planovergangar aukar konkurransekrafta for jernbanen. Både i Gudbrandsdalen og Romsdalen er det banestrekningar som må sikrast mot ras og flaum. Rammevilkåra for godstransport på jernbane bør styrkast slik at det blir mogleg å stimulere til stabil og lønsam drift. Det er avgjerande for Møre og Romsdal at Gudbrandsdalen blir vald som trase ved ei framtidig bygging av høgfartsbane mellom Oslo og Trondheim slik at strekninga Ålesund - Dombås kan knytast til.
7. Møre og Romsdal fylkeskommune er fornøgd med at det i plangrunnlaget ikkje vert lagt opp til endringar i lufthamnstrukturen. Kapasiteten i terminalbygga må til ein kvar tid må vere tilpassa trafikkbelastninga. Det er avgjerande for flytrafikken og basefunksjonane i Kristiansund at planlagd ny fellesterminal på Kvernberget for fly og helikopter vert bygd og ferdigstilt innan 2020. Dette p.g.a. vedtatt ny og auka aktivitet på sokkelen dei næraste åra.»

Vedlagt følgjer protokoll og saksframlegg frå den politiske handsaminga.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Heidi Nerland
rådgivar

Vedlegg:
T-40/16 Høyring – NTP 2018 -2029 PROTOKOLL
T-40/16 Høyring - NTP 2018-2029 SAKSFRAMLEGG